

Suldal Venstre

PARTIPROGRAM 2019 - 2023



Med Suldal inn i
framtida.



VENSTRE



Venstre tenkjer folk først.

Venstre er eit parti som set fokus på menneske framfor system, og solidaritet framfor egoisme. Sosialliberale Venstre er det eldste partiet i Noreg.

Kvar einskild av oss skal bli sett og respektert for den ein er, ikkje bli forma inn i eit på førehand tenkt system. Ulike menneske treng ulike løysingar for å ha eit godt liv. Venstre tenkjer FOLK FØRST.

Den største utfordringa i Suldal er folketalsutviklinga. Suldal Venstre ønskjer at foketalet i kommunen skal auka, og dette skal synast igjen i politikken vår.

Barnehage og skule.

Alle skulekrinsane i Suldal skal ha ein skule og ein barnehage som skal gje borna våre eit godt oppveksttilbod.

Venstre vil:

- ✓ setja av nok midlar til å vedlikehalda skule- og barnehagebygga
- ✓ arbeida for at skulane har nok ressursar
- ✓ stimulera til alternative undervisningsformer slik at alle elevar får utvikla sine sterke side



Omsorg.

Venstre ønskjer at alle som treng omsorg og støtte, skal få eit godt tilbod der brukaren er i fokus.

Venstre vil:

- ✓ framleis ha lokal legevakt
- ✓ arbeida for å styrka psykiatrisk spesialisthelseteneste i Suldal
- ✓ arbeida for at regleringstannlege har kontor plass i Suldal
- ✓ at hjelpetrengande framleis skal få bu heime dersom dei ønskjer det



Miljø.

Venstre skal vera ein miljøpådrivar i kommunen, og tala naturen og klimaet si sak, også der andre omsyn synest viktigare.

Venstre vil:

- ✓ at Suldal kommune skal ta grøne val
- ✓ oppretta miljøfond til dekking av miljøtiltak utført av lag og organisasjonar
- ✓ arbeida for å sikra at Suldalslågen framleis skal vera ei god, sunn lakseelv
- ✓ at det i vasskraftutbygging skal vera sett av nok midlar til etterarbeid og oppussing
- ✓ at Suldal kommune i større grad skal ta i bruk lokale alternative energikjelder og leggja vekt på dette ved nybygg, ombygging og tilrettelegging av nye bustadfelt
- ✓ utnytta ny teknologi for å betra sortering av avfall
- ✓ sikra at det ved hyttebygging blir teke tilstrekkeleg omsyn til miljø, villrein, kulturhistorie og tradisjonelt friluftsliv
- ✓ arbeida for at nye eller utskifte straumlinjer i størst mogleg grad skal leggjast i bakken
- ✓ stimulera til berekraftige løysingar innan næringslivet



Kultur.

Suldal er kjent for gode og varierte kulturtilbud. Å sikra det frivillige kulturlivet ressursar og gode arbeidsvilkår, vil gje gode opplevingar for alle brukarar.

Venstre vil:

- ✓ at det skal utarbeidast ein kunst- og kulturplan
- ✓ styrka aktørane kring regional-idrettsanlegget på Eide
- ✓ gjera det lett å delta i kulturaktivitetar på tvers av grendene
- ✓ sikra dei økonomiske ordningane for frivillige lag og organisasjonar, og bruka kulturmidlar til fleire og større kulturarrangement både i kyrkjene og andre samlingsstader

Organisering.

Suldal Venstre er oppteken av at det skal vera kort veg mellom den som vel og den som blir vald. Venstre sine møte er opne for alle. Venstre sine folkevalde har særleg ansvar for å vera talerøyr for dei som ikkje når så lett fram i det kommunale systemet.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for at kommunale ombod blir fordelte på fleire slik at kommunestyret blir den dominerande arenaen for maktutøving
- ✓ framleis ha lokal legevakt
- ✓ at hurtigbåtar framleis skal ha anløp Sand
- ✓ arbeida for røysterett for 16-åringar
- ✓ arbeida for gode møteplassar mellom innbyggjarar og politikarar, som ved spørjetime/open talartol, nettløysingar ol.
- ✓ vurdera Suldal kommune si deltaking i ulike interkommunale interesseorganisasjonar
- ✓ stimulera til å bruka private aktørar der dette er føremålstenleg

Kommunikasjonar og infrastruktur.

Gode kommunikasjonar er avgjerande for å skapa livskraftige grender og eit sterkt kommunesenter.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for gode kollektivtilbod til og frå kommunen, og mellom kommunesenteret og grendene.
- ✓ at hurtigbåtar framleis skal ha anløp Sand
- ✓ arbeida for rassikring og utbetring av vegane i Suldal, særleg strekninga Erfjord - Sand og i Bratlandsdalen
- ✓ arbeida for gang- og sykkelveggar
- ✓ arbeida for å ha eit «hent meg»-tilbod tilpassa Suldal
- ✓ sikra vidare utbygging av digital kommunikasjon ved t.d. forskotering



Bustadbygging, folketalsutvikling og rekruttering.

Suldal Venstre vil arbeida for eit mangfaldig bustadtilbod i kommunen. Det skal leggjast til rette for at dei som har arbeidet sitt i ein annan kommune, kan bu i Suldal.

Venstre vil:


- ✓ arbeida vidare for attraktive og byggjeklare byggjefelt i alle grendene
- ✓ arbeida for ei stilling som tilflyttingsrådgjevar, som kan hjelpa nye og potensielle innbyggjarar med å finna seg til rette med bustad, arbeid og sosialt nettverk

Næringsutvikling.

Gode vilkår for næringslivet i Suldal er viktig. Kommunen sine lokale naturbaserte ressursar er eit viktig fundament for næringslivet i Suldal. Anleggs- og bergverksindustrien, landbruket, havbruket og naturbasert reiseliv er viktig. Venstre vil prioritera næringsarbeidet inn mot desse næringane.

Venstre vil:

- ✓ støtte utviklingstiltak for å skapa nye bedrifter basert på kultur- og naturressursane våre
- ✓ ha ein meir strategisk bruk av næringsfonda
- ✓ leggja strategiar for å sikra at større del av kommunale innkjøp blir gjort lokalt
- ✓ motivera til pilotprosjekt for utvikling av statlege arbeidsplassar
- ✓ bruka næringsstøtta for å sikra eit aktivt og variert landbruk i heile kommunen
- ✓ at Suldal Vekst skal vera næringsverktøyet i Suldal



Venstre sine kandidatar i Suldal

1. Nils Bjarne Vold (f. 1953)



2. Gunhild Moe (f. 1980)



3. Eskil Nerheim (f. 1978)



4. Ragnhild Sukka (f. 1974)



5. Bjarne Bråtveit

6. Linda Liem

7. Dag Fisketjøn

8. Olav E. Nerheim

9. John Svoldal

10. Haldis Levarskjer

11. Nina Østebø

Sand

Erfjord

Suldalsosen

Sand

Suldalsosen

Erfjord

Hebnes

Godt val!

Les meir om politikken vår på:
www.venstre.no/suldal



VENSTRE